

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

### Avrøysting

Innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse er positiv til vidareutvikling av samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringsliv og kommunar. Utvalet viser m.a til Bømloprosjektet, Årdal vg.skule og samarbeidsprosjektet i Nordhordland.
2. Utvalet legg til grunn at ein opprettheld og vidareutviklar etablerte samarbeid, samt etablerar dialog og samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv/kommunar ved etablering og oppgradering av arena og areal knytt til utdanningsprogram der dette har utviklingspotensiale. Målet er å styrka kompetanse, trygga arbeidslivstilknytning og arbeidslivserfaring for elev.
3. Utvalet viser til verbalpunkt, VP 11 og ber om at det vert lagt fram ei sak som viser korleis vidareutvikling av samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringsliv kan gjerast. Saka vert også lagt fram for hovudutvalg for næring.
4. Utvalet ber om ei løypemelding i løpet av november 2021 om utvikling og etablering av samarbeid omtala i punkt 2.